Læreplan i musikk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett av Kunnskapsdepartementet 20. mai 2026 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 1-4 andre ledd.

Gjeld frå 01.08.2026

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdiar

Musikk er eit sentralt fag for skaparkraft, kulturforståing og identitetsutvikling. Gjennom faget får elevane grunnlag til å delta i musikk i eit livslangt perspektiv. I faget musikk utviklar elevane kompetanse i spel, song og dans, i å lage musikk og i å forme og forstå eit mangfald av uttrykk. Faget skal bidra til at elevane forstår korleis musikk både spring ut av kulturar, skaper kultur og bidreg til samfunnsendringar, og elevane skal få erfare at musikk kan bidra til livskvalitet. Faget musikk skal førebu elevane på deltaking i eit samfunns- og arbeidsliv som har behov for praktiske og estetiske ferdigheiter, kreativitet og sosial samhandling.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Gjennom faget musikk skal elevane utvikle dei estetiske, kreative og skapande evnene sine og få moglegheit til å uttrykkje seg. Faget skal leggje til rette for musikkglede og meistringskjensle, og elevane skal få erfare at eiga stemme betyr noko i fellesskapet. I musikk skal elevane møte eit mangfald av kunstnarlege og kulturelle uttrykk som opnar dører til større fellesskap. Møte med levande musikk er ein naturleg del av dette, og elevane skal få oppleve at folkemusikk og samisk musikkultur er viktige delar den felles kulturen og kulturarven vår.

Kjerneelement

Utøve musikk

Kjerneelementet utøve musikk legg vekt på at elevane deltek aktivt med stemme, kropp og instrument i samspel, framføring og leik og i ulike musikalske uttrykk og sjangrar. Kjerneelementet skal gi elevane erfaring med å spele, synge og danse i ulike samanhengar. Kjerneelementet bidreg til at elevane gjennom kreative prosessar får øve seg i handverk, uttrykk og formidling.

Lage musikk

Kjerneelementet lage musikk legg vekt på at elevane arbeider kreativt ved å organisere og setje saman grunnelementa i musikken til noko nytt eller å forme om noko kjend. Kjerneelementet bidreg til å øve elevane i å uttrykkje seg og å lytte medvite i skapande prosessar. Elevane skal få erfaring med og opplæring i ulike måtar å lage musikk på og bli i stand til å ta i bruk ulike improvisasjons- og komposisjonsteknikkar, verktøy og metodar.

Oppleve musikk

Kjerneelementet oppleve musikk legg vekt på at elevane lyttar aktivt og sansande. Dette opnar for emosjonelle erfaringar frå det kvardagslege til dei eksistensielle møta med musikk, og gir elevane øving å i gi uttrykk for musikalske erfaringar. Kunnskap om og erfaring med musikk og musikalske verkemiddel er utgangspunktet for ei reflektert og utforskande tilnærming til musikkopplevinga.

Kulturforståing

Kjerneelementet kulturforståing handlar om korleis songen og musikken elevane utøver, lager og opplever, er forankra og har betydning i kulturen det spring ut av. Å kunne forstå eigne og andre sine musikalske uttrykk, å utøve musikk, å lage musikk og å oppleve musikk både føreset og bidreg til kulturell kompetanse. Spel, song og dans som estetiske uttrykk er påverka av, og er uttrykk for, historiske og samfunnsmessige forhold. Meininga i musikken blir skapt når musikk blir brukt i sosiale samanhengar, og musikk gir meining til sosiale hendingar og ritual.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I musikkfaget handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om at eleven utviklar evne til å uttrykkje seg gjennom spel, song, andre vokale uttrykk og dans. Fellesskapet rundt musikk byggjer relasjonar mellom menneske, gir meistringskjensle og bidreg til eit positivt sjølvbilete, når dei faglege og estetiske dimensjonane ved musikken blir varetekne. Musikk er ein ressurs for å kjenne att, setje ord på og handtere tankar og kjensler, i medgang og motgang. Kunstnarlege uttrykk gir moglegheit til betre å forstå både eige og andre sitt kjensleliv, og dette legg grunnlag for god psykisk helse.

Demokrati og medborgarskap

I musikk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane utviklar kunnskap om korleis musikk kan vere ein viktig demokratisk ressurs. Arbeid med temaet i faget gir elevane forståing av korleis dei kan ta i bruk kunstnarlege ytringsformer og estetiske uttrykk i demokratiske prosessar. Faget musikk skal bidra til medvit om korleis musikk til alle tider har vore brukt til å uttrykkje meiningar og til å skape og kommunisere identitetar. I musikk øver elevane seg i å handtere meiningsbrytingar og respektere usemje, og dei utviklar medvit om både retten til å ytre seg og om grensene for ytringsfridom.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i musikkfaget er å kunne bruke stemmen variert i song og andre vokale uttrykk til å improvisere, gi att og formidle musikalsk stoff. Munnlege ferdigheiter vil òg seie å kunne setje ord på og diskutere eigne skapande prosessar og å kunne reflektere over musikalske erfaringar og opplevingar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i musikk går frå å kunne formidle enkelt musikalsk stoff til å kunne formidle meir komplekse musikalske uttrykk, og frå å kunne fortelje om eigne opplevingar og bruk av enkle verkemiddel til å kunne beskrive meir komplekse musikkfaglege emne, estetiske opplevingar, musikalske verkemiddel og funksjonane til musikken meir inngåande.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i musikk er å ta i bruk ulike former for analog og digital notasjon som gir støtte til å utøve, lage og oppleve musikk og støtte til å dokumentere prosessar og resultat. I dette inngår grafisk notasjon, notar eller besifring. Utviklinga i å kunne skrive i musikk går frå bli kjend med og kunne bruke enkle notasjonsteknikkar til å kunne bruke ulike former for notasjon og skriftspråk til å utforske, dokumentere og formidle musikalske idear.

Å kunne lese

Å kunne lese i musikk er å tolke og forstå ulike musikalske tekstar, både nedskrivne musikalske teikn og symbol og tekstar som er sette saman av fleire modalitetar, digitalt og i sceniske framføringar. Utviklinga i å kunne lese i musikk går frå å kunne kjenne att, samtale om og bruke enkle teikn og symbol til å kunne nyttiggjere seg ulike notasjonsformer i musikalsk samhandling og å kunne forstå og reflektere over bruk av musikk, dans og tilhøyrande verkemiddel i stadig meir komplekse uttrykk.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i musikk er å forstå og bruke grunnelementa i musikken, som puls, takt, rytmar, tonehøgd, tekstur og form. Det inneber å utforske og eksperimentere med mønster og strukturar, og å gjere berekningar av tid og rom når musikk og dans blir utspelte. Utviklinga i å kunne rekne i musikk går frå å kunne lage, utøve og beskrive enkle mønster og strukturar, og gjere enkle berekningar av tid og rom, til ei djupare kroppsleg og kognitiv forståing av presisjon og kompleksitet knytt til grunnelementa i musikken, mønster og strukturar, tid og rom.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i musikk er å kunne bruke musikkteknologi til å utøve, lage og oppleve musikk. Dette inneber å bruke digitale verktøy kreativt til å gjere opptak, tilarbeide og manipulere lyd og bruke programmering i skapande arbeid. Digitale ferdigheiter er òg å utøve digital dømmekraft. Det inneber å følgje reglar for opphavsrett i møte med eigen og andre sin musikk og utvise nettetikk i samhandling med andre. Utviklinga av digitale ferdigheiter i musikk går frå å bruke enkle digitale verktøy til å forme musikalske arbeid, til å bruke digitale verktøy og teknologi strategisk og variert for å oppnå formålstenlege og kreative musikalske uttrykk. Det går òg frå å kunne utøve personvern og nettetikk i enkeltståande situasjonar til å kunne vise god dømmekraft og bidra til ansvarleg samhandling i musikalske fellesskap. For elevar på 1.-4. trinn skal bruken av digitale einingar vere særskild varsam, og ikkje dominere undervisninga.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering 2. trinn

Kompetansemål etter 2. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utøve eit repertoar av songleikar, songar og dansar henta frå den nære musikkulturen til elevane og frå kulturarven
- utforske og eksperimentere med puls, rytme, tempo, klang, melodi, dynamikk, harmoni og form i dans, med stemmen og i spel på instrument
- leike med grunnelementa i musikken gjennom lyd og stemme, lage mønster og setje saman mønstra til enkle improvisasjonar og komposisjonar, òg med digitale verktøy
- formidle opplevingar av ulike musikalske uttrykk gjennom samtale og kunstnarlege uttrykksformer

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i musikk på 1. og 2. trinn når dei deltek i og utøver songleikar, syng, dansar og speler på instrument, når dei lagar musikk, eksperimenterer med og beskriv musikalske uttrykk og når dei lyttar, lever seg inn i og formidlar musikkopplevingar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får lytte, leike, undre seg og bruke sansane sine på måtar som utviklar

fagforståinga til elevane, gir dei moglegheit til å uttrykkje seg og bidreg til meistringskjensle. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i musikk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Kompetansemål og vurdering 4. trinn

Kompetansemål etter 4. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar, inkludert samisk musikkultur
- synge og spele på instrument åleine og saman med andre ved bruk av gehør og enkel notasjon
- eksperimenter med rytmar, melodiar og andre grunnelement, setje saman mønster til komposisjonar, òg ved bruk av digitale verktøy, og beskrive arbeidsprosessar og resultat
- formidle eigne musikkopplevingar og beskriver bruk av musikalske verkemiddel ved hjelp av enkle fagomgrep
- samtale om og reflektere over korleis musikk skaper stemning når han blir brukt i ulike sosiale samanhengar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i musikk på 3. og 4. trinn når dei syng, utøver og lagar musikk, gir enkle beskrivingar av eigne arbeidsprosessar og av det dei har utøvd og laga, beskriv og formidlar eigne musikkopplevingar og utviklar forståing av kva betydning musikken, songen og dansen har.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får eksperimentere og bruke fantasi og kreativitet. Læraren og elevane skal vere i dialog om elevane si utvikling i musikk. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetanse i faget.

Kompetansemål og vurdering 7. trinn

Kompetansemål etter 7. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utøve eit repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans frå samtida og historia
- utforske og drøfte korleis musikk frå fortida påverkar musikken i dag
- øve inn og framføre song og musikk, i samspel eller individuelt, gehørbasert og ved bruk av enkle notasjonsteknikkar
- lytte, eksperimentere og skape nye uttrykk med instrument, kropp, stemme eller lyd frå andre kjelder, og presentere resultatet
- bruke teknologi og digitale verktøy til å skape, øve inn og arbeide vidare med musikk
- bruke fagomgrep i beskriving av og refleksjon over arbeidsprosessar, resultat, musikalske uttrykk og verkemiddel
- utforske og formidle musikalske opplevingar og erfaringar
- undersøkje korleis kjønn, kjønnsroller og seksualitet blir framstilt i musikk og dans i det offentlege rommet, og skape uttrykk som utfordrar stereotypiar
- reflektere over korleis musikk kan spele ulike roller for utvikling av identiteten til individ og grupper

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i musikk på 5., 6. og 7. trinn når dei speler, syng, utøver andre vokale uttrykk og dansar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei får anledning til å lage musikk, vise kreativitet og fantasi i skapande arbeid, arbeide prosessorientert med handverksmessige og estetiske ferdigheiter og bruke musikk, song og dans til å utforske, uttrykkje forståing av og formidle eigne meiningar om samfunnsmessige fenomen og utfordringar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom at elevane får eksperimentere og bruke fantasi og kreativitet i prosessar og skapande arbeid. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i musikk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga til å utvikle kompetansen sin i faget.

Kompetansemål og vurdering 10. trinn

Kompetansemål etter 10. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utøve eit variert repertoar av musikk, song, andre vokale uttrykk og dans
- reflektere over korleis musikalske tradisjonar, inkludert samiske musikktradisjonar, blir bevarte og fornya
- samarbeide med andre om å planleggje og gjennomføre øvingsprosessar kor det inngår sjølvvald song, andre vokale uttrykk, spel på instrument eller dans, og formidle resultatet i gruppe eller individuelt
- skape og programmere musikalske forløp ved å eksperimentere med lyd frå ulike kjelder
- utforske og formidle musikalske opplevingar og erfaringar, og reflektere over bruk av musikalske verkemiddel
- lytte og prøve ut ulike uttrykk og grunngi val i skapande prosessar frå idé til ferdig resultat
- bruke gehør og notasjonsteknikkar som støtte i skapande arbeid
- bruke relevante fagomgrep i skapande arbeid og i refleksjon over prosessar og resultat
- utforske og reflektere over korleis musikk, song og dans som estetiske uttrykk er påverka av og uttrykk for historiske og samfunnsmessige forhold, og skape musikalske uttrykk som tek opp utfordringar i samtida
- utforske og drøfte kva betydning musikken og dansen har i samfunnet, og etiske problemstillingar knytte til musikalske ytringar og musikkulturar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i musikk på 8., 9. og 10. trinn når dei speler, syng og dansar, og når dei planlegg og gjennomfører arbeid med å utøve og lage musikk, viser fram og reflekterer over resultata. Elevane viser òg kompetanse når dei set ord på og drøftar kva song, andre vokale uttrykk og dans kan bety i eit samfunn, og når dei drøftar etiske problemstillingar knytte til ulike uttrykk.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom at elevane får eksperimentere, bruke fantasi og kreativitet og får arbeide systematisk med å utvikle eit produkt frå idé til ferdig resultat. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i musikk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei

opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Standpunktvurdering

Standpunktkarakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i musikk ved avslutninga av opplæringa etter 10. trinn. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i musikk basert på kompetanse eleven har vist når eleven utøver og lagar musikk, opplever musikk og arbeider med kulturforståing i tilknyting til det skapande arbeidet.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Eleven har ikkje eksamen.

Eksamen for privatistar

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Det er ikkje privatistordning i faget.